

Referat frå styremøte 2024-02

Til stades: Knut Fredrik Sørheim, Jon Atle Farestveit, Arve Husa, Solveig Romarheim, Øyvind Kristoffersen, Anne Kristin Rafoss, Torbjørn Sæle.

Ikkje til stades: Knut Fyllingsnes, Renate Enes Alme.

Dato: **07.06.2024**

Tid: 17:45 – 21:00

Stad: Fjon Fjellkyrkje

<i>Saksnr.:</i>	<i>Sak</i>	<i>Ansvarleg</i>
<i>Godkjenning</i>		
14-24	Godkjenning av innkalling og førre referat. Godkjent.	
15-24	Konstituering av styret Styreleiar: Anne Kristin Rafoss, vald på skipingsmøte 28.05.24. Andre verv og oppgåver vart fordelt slik: Nestleiar: Knut Fredrik Sørheim Matansvarleg: Solveig Romarheim Kasserar: Øyvind Kristoffersen Skrivar: Torbjørn Sæle Brannvernleiar: Knut Fyllingsnes Dugnadsleiar: Arve Husa PR/nettside/Facebook: Knut Fredrik Sørheim og Torbjørn Sæle Det vart ikkje vald ny ansvarleg frå styret for olsokfeiringa.	
<i>Økonomi og administrasjon</i>		
16-24	<u>Økonomi:</u> Pr 07.06.2024 har Fjon på konto: Brukskonto: 95 365 kr Høgretekonto: 253 982 kr Dette ca. 50 000 kr mindre enn ved årsskiftet.	
17-24	<u>Utleige:</u> Knut informerer om utleigestatus 2024	

	<p>I vår har det vore bra utleige i helgene og nokre enkeltarrangement på vekedagar. Lite utleige i påsken og ikkje noko i pinsehelga. Ei gruppe med ungdomar frå Tyskland skal vera 10 dagar i august. I rute for hausten ut oktober.</p> <p>Det har vore noko svikt i utvask og lukka vinduer/låste dører. Det har også ofte vore rot i lydskapet. Det kan vera behov for hyppigare tilsyn/kontroll i etterkant av utleige.</p>	
<i>Helse – Miljø – Tryggleik (HMS)</i>		
18-24	<p>Vernerunde- me går ein vernerunde inne</p> <p>Vernerunde hovudetasje inne gjennomført. Sjå eige dokument.</p>	
<i>Saker og Skriv og meldingar</i>		
19-24	<p>Organisasjonsendring – prosessen vidare inkludert kort oppsummering etter rådsmøtet og stiftingsmøtet</p> <p>Det var god oppslutning på rådsmøtet og stiftingsmøte 28.5.24 med representantar frå alle kyrkjesokna. Foreininga Fjon fjellkyrkje og ungdomssenter vart stifta.</p> <p>Knut S. oppdaterer med nye vedtekter på nettsida.</p> <p>Torbjørn slutfører referat/ protokollar.</p> <p>Anne Kristin sørger for registrering i Brønnøysund.</p> <p>Anne Kristin lagar forslag til vedtak om innmelding i foreininga for sokna og sender dette til sokneråda saman med referat frå rådsmøtet og stiftingsmøtet med aktuelle vedlegg.</p> <p>Anne Kristin sjekkar grunnboksheimel med Masfjorden kommunen v/Kjersti jf. oppfølging av punkt 3 i referat frå rådsmøtet, og sender sak til eigar Masfjorden sokn om dette.</p> <p>Foreininga må få Vipps så snart det let seg gjera, helst før olsok. Når organisasjonsnummer er på plass kan ein også gje grasrotmidlar via Norsk Tipping til foreininga.</p>	<p>Anne Kristin</p> <p>Torbjørn</p> <p>Knut S</p>
<i>Avvikshandsaming</i>		
<i>Arbeid - Dugnad</i>		
20-24	<p>Kort info om dugnadsarbeid sommaren 2024 inkludert arbeidet med oppdatering av dusjanlegga i kjellaren</p> <p>Arve orienterte om at oppussinga er godt er i gang og i rute. Her er det mykje dugnad framover kombinert med innleigd arbeidskraft.</p>	<p>Arve</p> <p>Knut S</p> <p>Knut F</p>

Nokon som kan mala (grunning + lys farge) panel i lang-gangen i kjellar – før nytt skap skal på plass i enden av gangen?

Dugnadsbehov ute:

- Belegningstein, nokre steinar igjen å snu, samt impregnering heile området – Arve følgjer opp
- Slå gras på taket, blei ikkje gjort i fjor - Knut S. tar ansvar
- Tomt for ved i boden, det trengs meir til vinteren, Arve sagnar nokre tre framfor kyrkja.
- Ver obs på tette slukar ute ved inngangsparti, særleg i tineprosessen etter snø/is. Behov for grøft?
- Rømningsvegar må vera frie – også når det er vinter og snø (frå soverommet oppe og alle dører)

Knut S har renska vaskane på romma. Kan vera behov for å gjera det same på toalett.

Knut F. har med folk til sommarnedvask, best etter 10. juli, då mykje skal vera gjort ferdig i kjellaren.

Arrangement

21-24	<p>Olsokstemnet 2024</p> <p>Lindås sokn kunne ikkje ta ansvar dette året, Masfjorden sokn stiller og har fått tilsendt oppdatert liste med oppgåver.</p> <p>Torbjørn er prest og Boris spelar på gudstenesta. Solveig er med på åresalet. Knut er med og har ansvar for trekking. Andre i styret må gjerne også delta/bidra. Styret og soknerådet i Masfjorden oppfordrast til å stilla med gevinstar til åresalet. gjerne bruksting eller noko som kan etast/drikkast, gåvekort, blomar, nokre fruktkorger. Eli Eidsnes er kontaktperson for Masfjorden sokn til olsok.</p> <p>Plakat vart delt ut og er sendt til kyrkjestabane. Torbjørn lagar Facebook-arrangement. Kyrkjekontoret i Masfjorden ordnar gratisannonse i lokalavisene.</p>	Torbjørn Solveig Knut S
22-24	<p>Olsokstemnet 2025 og kort drøfting av korleis styrke kontakten med sokneråda i prostiet</p> <p>Framover kan det vera lurt at to sokn saman har ansvar. Kanskje kan sokneråda etter tur inviterast til å ha eit soknerådsmøte på Fjon for å bli litt kjent, få kort presentasjon frå nokon i styret og få servert mat. Solveig og Vebjørn kan vera aktuelle kokkar.</p> <p>Anne Kristin lagar forslag for olsokansvar for nokre år framover til neste møte.</p>	Anne Kristin

<i>Andre saker</i>	
<i>Innmeldte saker</i>	
23-24	<p>Flytting av basketballstativet</p> <p>Hans Magne ønsker å flytta basketballstativet noko lenger bak for lettare brøyting av parkeringsplassen.</p> <p>Styret er positiv til at Hans Magne utfører denne flyttinga.</p>
<i>Neste møte</i>	
24-24	<p>Neste styremøte:</p> <p><u>Tysdag 10. september på Fjon kl 17.45-20.45. Solveig ordnar mat.</u></p> <p>Enkelte seinare møte kan ev. leggast til andre stader, for å korta reisetida for nokon, t.d. Ostereidet kyrkje, Knarvik kyrkje eller privat hos styremedlemer.</p>

Torbjørn Sæle, referent